

PRINSIPP FOR TILDELING AV KULTURMIDLANE I VOLDA KOMMUNE

Tidlegare vedteke i Hovudutalet for kultursektoren (HKS). Endra i Skule-og Kulturutvalet (SKU) i møte 12.02.98
Til ny handsaming i Driftsstyret 05.05.04

1. Hovudfordelinga av kulturmidlane vert delt ut på vårparten kvart år. Det vert holdt tilbake eit restbeløp som skal fordelast til spesielle prosjekt og tiltak som dukkar opp i løpet av året. Restbeløpet skal avgrensast oppover til kr. 100 000.
2. Kulturmidlane går til frivillige lag og organisasjonar innan eigen kommune/felleslag med Ørsta.
3. Driftsstyret kan ved hovudfordelinga avgjere om ev. lag og organisasjonar som har større prosjekt på gang, skal tilgodesjåast med ein sum over eitt eller fleire år.
4. Årsmelding, revidert rekneskap og budsjett skal leggjast ved søknaden.
5. Driftsstyret vil prioritere arbeid og tiltak for barn og unge.
6. Lag og organisasjonar som ser det som si hovudoppgåve å ta vare på og vidareutvikle vår kulturarv, vert prioritert.
7. Driftsstyret har høve til å ta omsyn til tilskot som søkjaren har fått frå andre tilskotsordningar tidlegare i kalenderåret, og som såleis ikkje går fram av innsend søknad/rekneskap.
8. Nyskipa lag kan få særskild vurdering i form av oppstartingstilskot.
9. Søknader som kjem inn etter fristen får ikkje tilskot ved den ordinære fordelinga.
10. Det vert gitt eit fast tilskot til 17. mai-feiringa: Kr. 20 000 til Volda sentrum og kr. 1 000 til kvar av bygdene som står føre eige arrangement.
11. Driftsstyret løyver inntil kr. 20 000 i samband med det årlege UKM-arrangementet.
12. Driftsstyret løyver inntil kr. 20 000 til den årlege Kultur-og Marknadsdagen (Fjordmannsdagen) i Volda sentrum.

XXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXX

DELEGERING FRÅ DRIFTSSTYRET TIL ADM.

VIDAREDELEGERING FRÅ ADM.SJEFEN TIL KULTURSJEFEN PR. 05.05.04

a)Kultursjefen får fullmakt til å disponere inntil kr. 10 000 pr. år til ideelle føremål. T.d. jubileumsgåver til lag/org, gåvekort, blomhelsingar m.m. Dekningspost: Teneste 3853 Andre kulturaktivitetar

b)Kultursjefen får mynde til å avgjere vedtak i enkeltsaker som hastar eller typer av saker som ikkje er av prinsipiell betydning. I tvilstilfelle drøftar kultursjefen saka med leiaren i Driftsstyret.

XXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXX